

## AVGJERD I EØS-KOMITEEN

nr. 193/2021

av 9. juli 2021

### om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og ut frå desse synsmåtane:

- 1) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2021/412 av 8. mars 2021 om endring av gjennomføringsforordning (EU) 2017/962 med hensyn til gjennomgåelsen av den midlertidige opphevingen av godkjenningen av etoksykin som førtilsetningsstoff<sup>(1)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2021/420 av 9. mars 2021 om retting av gjennomføringsforordning (EU) 2020/1097 om godkjenning av luteinrike ekstrakt og lutein-/zeaxantinekstrakt frå *Tagetes erecta* som tilsetjingsstoff i fôrvarer til fjørfe (bortsett frå kalkunar) meinte for slakt eller eggproduksjon og til mindre utbreidde fjørfeartar meinte for slakt eller eggproduksjon<sup>(2)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 3) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2021/421 av 9. mars 2021 om godkjenning av tinktur av *Artemisia vulgaris* L. (tinktur av burrot) som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar<sup>(3)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 4) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2021/422 av 9. mars 2021 om godkjenning av eit preparat av *Enterococcus faecium* DSM 7134 som tilsetjingsstoff i fôr til verpehøner (innehavar av godkjenninga: Lactosan GmbH & Co KG)<sup>(4)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 5) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2021/426 av 10. mars 2021 om retting av gjennomføringsforordning (EU) nr. 1263/2011 med hensyn til godkjenningen av *Lactococcus lactis* (NCIMB 30160) som tilsetningsstoff i fôr til alle dyrearter<sup>(5)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 6) Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2021/485 av 22. mars 2021 om godkjenning av eterisk ingefærolje frå *Zingiber officinale* Roscoe som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar, ingefæroleoesin frå *Zingiber officinale* Roscoe som tilsetjingsstoff i fôr til slaktekyllingar, verpehøner, slaktekalkunar, smågrisar, slaktesvin, purker, mjølkekyr, gjøkalvar (mjølkeerstatningsfôr), storfe meinte for slakt, sauer, geiter, hestar,

---

(1) TEU L 81 av 9.3.2021, s. 30.

(2) TEU L 83 av 10.3.2021, s. 16.

(3) TEU L 83 av 10.3.2021, s. 21.

(4) TEU L 83 av 10.3.2021, s. 25.

(5) TEU L 84 av 11.3.2021, s. 18.

kaninar, fisk og kjæledyr og ingefærtinktur frå *Zingiber officinale* Roscoe som tilsetjingsstoff i fôr til hestar og hundar<sup>(6)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.

- 7) Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) 2021/505 av 23. mars 2021 om avslag på godkjenning av 60 % fosforsyre på silikaberar som fôrtilsetjingsstoff i funksjonsgruppa «konserveringsmiddel»<sup>(7)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 8) Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) 2021/506 av 23. mars 2021 om godkjenning av metantiol som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar<sup>(8)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 9) Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) 2021/507 av 23. mars 2021 om fornya godkjenning av pyridoksinhydroklorid (vitamin B6) som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar, og om oppheving av gjennomføringsforordning (EU) nr. 515/2011<sup>(9)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 10) Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) 2021/508 av 23. mars 2021 om fornya godkjenning av eit preparat av *Saccharomyces cerevisiae* MUCL 39885 som tilsetjingsstoff i fôr til avvande smågrisar, og om oppheving av forordning (EU) nr. 170/2011 (innehavar av godkjenninga: Prosol S.p.A.)<sup>(10)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 11) Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) 2021/551 av 30. mars 2021 om godkjenning av gurkemeieekstrakt, gurkemeieolje og gurkemeieoleoresin frå jordstengelen til *Curcuma longa* L. som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar, og av gurkemeietinktur frå jordstengelen til *Curcuma longa* L. som tilsetjingsstoff i fôr til hestar og hundar<sup>(11)</sup> skal takast inn i EØS-avtala.
- 12) Gjennomføringsforordning (EU) 2021/507 opphevar Kommisjonenens gjennomføringsforordning (EU) nr. 515/2011<sup>(12)</sup>, som er teken inn i EØS-avtala og difor skal opphevast i EØS-avtala.
- 13) Gjennomføringsforordning (EU) 2021/508 opphevar kommisjonsforordning (EU) nr. 170/2011<sup>(13)</sup>, som er teken inn i EØS-avtala og difor skal opphevast i EØS-avtala.
- 14) Denne avgjerda gjeld føresegner om fôrvarer. Føresegner om fôrvarer skal ikkje gjelde for Liechtenstein så lenge avtala mellom Det europeiske fellesskapet og Det sveitsiske eidssambandet om handel med landbruksprodukt er utvida til å omfatte Liechtenstein, som nemnd i tilpassing etter sektor i vedlegg I til EØS-avtala. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Liechtenstein.
- 15) Vedlegg I til EØS-avtala bør difor endrast –

---

<sup>(6)</sup> TEU L 100 av 23.3.2021, s. 3.

<sup>(7)</sup> TEU L 102 av 24.3.2021, s. 1.

<sup>(8)</sup> TEU L 102 av 24.3.2021, s. 4.

<sup>(9)</sup> TEU L 102 av 24.3.2021, s. 8.

<sup>(10)</sup> TEU L 102 av 24.3.2021, s. 11.

<sup>(11)</sup> TEU L 111 av 31.3.2021, s. 3.

<sup>(12)</sup> TEU L 138 av 26.5.2011, s. 40.

<sup>(13)</sup> TEU L 49 av 24.2.2011, s. 8.

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1*

I kapittel II i vedlegg I til EØS-avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. I nr. 2zw (Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) nr. 1263/2011) skal nytt strekpunkt lyde:
  - ”– **32021 R 0426:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2021/426 av 10. mars 2021 (EUT L 84 av 11.3.2021, s. 18).”
2. I nr. 218 (Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2017/962) vert følgjande lagt til:
  - ”, endret ved:
    - **32021 R 0412:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2021/412 av 8. mars 2021 (EUT L 81 av 9.3.2021, s. 30).”
3. I nr. 353 (Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2020/1097) vert følgjande lagt til:
  - ”, endret ved:
    - **32021 R 0420:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2021/420 av 9. mars 2021 (EUT L 83 av 10.3.2021, s. 16).”
4. Etter nr. 398 (Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2021/367) skal nye nummer lyde:
  - ”399. **32021 R 0421:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2021/421 av 9. mars 2021 om godkjenning av tinktur av *Artemisia vulgaris* L. (tinktur av burot) som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar (EUT L 83 av 10.3.2021, s. 21).
  - 400. **32021 R 0422:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2021/422 av 9. mars 2021 om godkjenning av eit preparat av *Enterococcus faecium* DSM 7134 som tilsetjingsstoff i fôr til verpehøner (innehavar av godkjenninga: Lactosan GmbH & Co KG) (EUT L 83 av 10.3.2021, s. 25).
  - 401. **32021 R 0485:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2021/485 av 22. mars 2021 om godkjenning av eterisk ingefærolje frå *Zingiber officinale* Roscoe som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar, ingefæroleoresin frå *Zingiber officinale* Roscoe som tilsetjingsstoff i fôr til slaktekyllingar, verpehøner, slaktekalkunar, smågrisar, slaktesvin, purker, mjølkekyr, gjøkalvar (mjølkeerstatningsfôr), storfe meinte for slakt, sauer, geiter, hestar, kaninar, fisk og kjæledyr og ingefærtinktur frå *Zingiber officinale* Roscoe som tilsetjingsstoff i fôr til hestar og hundar (EUT L 100 av 23.3.2021, s. 3).

402. **32021 R 0505:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2021/505 av 23. mars 2021 om avslag på godkjenning av 60 % fosforsyre på silikaberar som førtilsetjingsstoff i funksjonsgruppa «konserveringsmiddel» (EUT L 102 av 24.3.2021, s. 1).
403. **32021 R 0506:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2021/506 av 23. mars 2021 om godkjenning av metantiol som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar (EUT L 102 av 24.3.2021, s. 4).
404. **32021 R 0507:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2021/507 av 23. mars 2021 om fornya godkjenning av pyridoksinhydroklorid (vitamin B6) som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar, og om oppheving av gjennomføringsforordning (EU) nr. 515/2011 (EUT L 102 av 24.3.2021, s. 8).
405. **32021 R 0508:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2021/508 av 23. mars 2021 om fornya godkjenning av eit preparat av *Saccharomyces cerevisiae* MUCL 39885 som tilsetjingsstoff i fôr til avvande smågrisar, og om oppheving av forordning (EU) nr. 170/2011 (innehavar av godkjenninga: Prosol S.p.A.) (EUT L 102 av 24.3.2021, s. 11).
406. **32021 R 0551:** Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) 2021/551 av 30. mars 2021 om godkjenning av gurkemeieekstrakt, gurkemeieolje og gurkemeieoleoresin frå jordstengelen til *Curcuma longa* L. som tilsetjingsstoff i fôr til alle dyreartar, og av gurkemeietinktur frå jordstengelen til *Curcuma longa* L. som tilsetjingsstoff i fôr til hestar og hundar (EUT L 111 av 31.3.2021, s. 3).”
5. Teksta i nr. 2zf (Kommisjonens gjennomføringsforordning (EU) nr. 515/2011) og 2t (kommisjonsforordning (EU) nr. 170/2011) opphevast.

#### *Artikkel 2*

Teksta til gjennomføringsforordning (EU) 2021/412, (EU) 2021/420, (EU) 2021/421, (EU) 2021/422, (EU) 2021/426, (EU) 2021/485, (EU) 2021/505, (EU) 2021/506, (EU) 2021/507, (EU) 2021/508 og (EU) 2021/551 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

#### *Artikkel 3*

Denne avgjerda tek til å gjelde 10. juli 2021, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn(\*).

#### *Artikkel 4*

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

---

(\* ) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.

Utferda i Brussel 9. juli 2021.

For EØS-komiteen

***Rolf Einar Fife***

Formann

UOFFISIELL OMSETJING